

Arkivsak: 2026/320-3

Arkiv: K54

Saksbehandlar: Sander Sælthun

Dato: 19.05.2026

**Saksframlegg**

| Saksnummer | Møtedato   | Utval         |
|------------|------------|---------------|
| 2026/60    | 26.05.2026 | Formannskapet |
| 2026/44    | 02.06.2026 | Kommunestyret |

**Uttale frå Lom kommune til ny søknad frå GLB om endring i manøvreringsreglementet for Tesse – endring av dato for magasinoppfylling frå 1. til 10. juli****Vedlegg**

- 1 GLB febr 2026 - oppdatering av kunnskapsgrunnlaget - søknad om endring av manøvreringsreglementet for Tesse
- 2 GLB 2016 - Søknad om endring i manøvreringsreglementet i reguleringskonsesjonen for Tesse
- 3 NINA mai 2017 - Vurdering av konsekvenser for fisk ved endrede fyllingskrav for Tesse

**Innstilling frå kommunedirektøren**

Lom kommune rår til at GLB sin søknad om endring av manøvreringsreglementet for Tesse blir avslått. Kommunen si grunngjeving er at fiskefagleg rapport frå NINA frå 2017 sannsynleggjer at omsøkt endring vil ha negative konsekvensar for fiskebestanden. Den dokumentasjon som er framlagt etterpå - prøvefiske i 2019 – gjev ikkje grunnlag for å fastslå at konsesjonsvilkåret om oppfylling innan 1. juli ikkje har hatt positiv effekt på fiskebestanden. Vidare vil ei endring av manøvreringsreglementet med seinare oppfylling av magasinet vere negativt for landskapsverdiane ved Tesse. Konsesjonsvilkåret om oppfyllingsnivå pr. 1. juli som vart innført i 2011 var resultatet av ein omfattande prosess som gjekk over nærare 20 år, og produksjonstapet som dette kravet har medført er i samsvar med dei estimat som vart lagt til grunn for dei nye konsesjonsvilkåra. Lom kommune meiner derfor at den relativt marginale produksjonsgevinsten som ei endring av oppfyllingsdatoen medfører ikkje vil vege opp dei negative konsekvensane som følgjer av tap av natur- og landskapsverdiar i og omkring Tesse.

**Saksprotokoll i Formannskapet 26.05.2026:****Behandling**

Det kom ingen merknader til saka.

Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Lom kommune rår til at GLB sin søknad om endring av manøvreringsreglementet for Tesse blir avslått. Kommunen si grunngjeving er at fiskefagleg rapport frå NINA frå 2017 sannsynleggjer at omsøkt endring vil ha negative konsekvensar for fiskebestanden. Den dokumentasjon som er framlagt etterpå - prøvefiske i 2019 – gjev ikkje grunnlag for å fastslå at konsesjonsvilkåret om oppfylling innan 1. juli ikkje har hatt positiv effekt på fiskebestanden. Vidare vil ei endring av manøvreringsreglementet med seinare oppfylling av magasinet vere negativt for landskapsverdiane ved Tesse. Konsesjonsvilkåret om oppfyllingsnivå pr. 1. juli som vart innført i 2011 var resultatet av ein omfattande prosess som gjekk over nærare 20 år, og produksjonstapet som dette kravet har medført er i samsvar med dei estimat som vart lagt til grunn for dei nye konsesjonsvilkåra. Lom kommune meiner derfor at den relativt marginale produksjonsgevinsten som ei endring av oppfyllingsdatoen medfører ikkje vil vege opp dei negative konsekvensane som følgjer av tap av natur- og landskapsverdiar i og omkring Tesse.

### **Saksprotokoll i Kommunestyret 02.06.2026:**

#### **Behandling**

Det kom ingen merknader til saka.

Innstilling frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Lom kommune rår til at GLB sin søknad om endring av manøvreringsreglementet for Tesse blir avslått. Kommunen si grunngjeving er at fiskefagleg rapport frå NINA frå 2017 sannsynleggjer at omsøkt endring vil ha negative konsekvensar for fiskebestanden. Den dokumentasjon som er framlagt etterpå - prøvefiske i 2019 – gjev ikkje grunnlag for å fastslå at konsesjonsvilkåret om oppfylling innan 1. juli ikkje har hatt positiv effekt på fiskebestanden. Vidare vil ei endring av manøvreringsreglementet med seinare oppfylling av magasinet vere negativt for landskapsverdiane ved Tesse. Konsesjonsvilkåret om oppfyllingsnivå pr. 1. juli som vart innført i 2011 var resultatet av ein omfattande prosess som gjekk over nærare 20 år, og produksjonstapet som dette kravet har medført er i samsvar med dei estimat som vart lagt til grunn for dei nye konsesjonsvilkåra. Lom kommune meiner derfor at den relativt marginale produksjonsgevinsten som ei endring av oppfyllingsdatoen medfører ikkje vil vege opp dei negative konsekvensane som følgjer av tap av natur- og landskapsverdiar i og omkring Tesse.

### **Saksutgreiing**

Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB), som konsesjonshavar for Tessereguleringa, søker om å endre dato for oppfylling av Tessemagasinet til kote 850,92 frå 1. juli til 10. juli. Same søknad vart sendt i 2016, og kommunestyret ga i sak 18/2017 følgjande samrøystes uttale til søknaden:

*Lom kommune rår til at behandling av søknaden om endra manøvreringsreglement for Tesse vert utsett i 5 år, slik at erfaringsperioden vert lengre og avgjerdsgrunnlaget betre. Kommunen si grunngjeving er at fiskefagleg rapport frå NINA sannsynleggjer at omsøkt endring vil ha negative konsekvensar for fiskebestanden i Tesse, og at det etter ei så kort tidsperiode ikkje er mogeleg å dokumentere eventuelle effektar av konsesjonsvilkåret om sommaroppfylling av magasinet, som har hatt verknad frå 2012. Vidare vil ei endring av manøvreringsreglementet med seinare oppfylling av magasinet vere negativt for landskapsverdiane ved Tesse.*

NVE har no motteke ny søknad om same endring av manøvreringsreglementet frå GLB. NVE har sendt søknaden på høyring, med høyringsfristen 8. mai 2026. Lom kommune har bedt om utsett høyringsfrist til etter kommunestyremøtet 2. juni, og har fått innvilga dette i e-post frå NVE 29. april.

I høyringsbrevet frå NVE går det fram at NVE no ber om supplerande synspunkt og innspel i tillegg til dei som kom inn i høyringsrunden i 2016-17 – uttalene frå den tidlegare høyringa vil uansett inngå i saka. NVE ber også om forslag til eventuelle avbøtande tiltak som kan redusere ulempene ved søknaden.

Kravet om oppfylling til kote 850,92 innan 1. juli, dvs. 3,5 m under høgaste regulerte vasstand (HRV), vart innført som nytt vilkår i reguleringskonsesjonen i 2011. I følge NVE sine tal som vart lagt til grunn for dei nye konsesjonsvilkåra slik dei går fram av kongeleg resolusjon av 20.10.2011, så ville kravet om oppfylling til 3,5 m under HRV pr. 1. juli føre til eit årleg produksjonstap på 11 GWh. I tillegg til dette kjem eit berekna produksjonstap på 3,5 GWh knytt til kravet om maks. oppfylling 0,5 m under HRV pr. 1. september. I følge GLB sine utrekningar har gjennomsnittleg årleg produksjonstap for perioden 2012 – 2025 vore 10,5 GWh (variasjon frå 25 GWh i 2013 til 0 GWh i 2017, 2018 og 2021). Ei flytting av datoen for magasinoppfylling til kote 850,92 frå 1. til 10. juli vil i følge simulering utført av GLB gitt ein gjennomsnittleg årleg produksjonsgevinst på 5,6 GWh.

Årsaka til produksjonstapet er at regulanten må halde att ei større vassmengde i Tessemagasinet ved nedtapping om våren, for at fyllingskravet pr. 1. juli kan nåast med rimeleg sikkerheit. Tesse og Veo-overføringa sitt nedbørsfelt ligg høgt over havet, med sein snøsmelting som følgje. Når avsmeltinga og tilløpet til magasinet aukar har ikkje Tesse-kraftverka (og kraftverka lenger nedover vassdraget) kapasitet til å ta unna den ekstra vassmengda, og ein vesentleg del av dette må tappast forbi kraftverka som flaumtap. Etter GLB sitt syn kan ein unngå denne situasjonen dersom Tessemagasinet blir halde på eit noko lågare oppfyllingsnivå fram til smeltevassflaumen er over. Tilløpet er ofte størst i månadsskiftet juni-juli, GLB ber derfor om at fyllingskravet for minste sommarvasstand blir knytt opp mot datoen 10. juli i staden for 1. juli.

I søknaden frå 2016 var det lagt ved foto tekne frå to ulike utgangspunkt ved Tesse, og som syner vasstand pr. 1. juli etter konsesjonsvilkåra frå 2011 (3,5 m under HRV) og slik situasjonen var i eit normalår før dei nye konsesjonsvilkåra var sett i kraft (vasstand pr.1 juli ca. 4,25 m under HRV). Vidare finst det flyfoto der strandlinene for dei same to oppfyllingsnivåa er teikna inn. Etter GLB sitt syn står ikkje den visuelle forbetringa ein oppnår ved å halde fast på kravet om oppfylling til 3,5 m under HRV innan 1. juli i forhold til produksjonstapet, og miljøeffekt og landskapsverknad av at datoen for oppfylling blir endra frå 1. juli til 10. juli vil vere marginal.

GLB har no supplert søknaden med talmateriale frå fiskeundersøking (prøvefiske) i 2019. Fangst sett i forhold til innsats ligg på same nivå ved alle tre fiskeundersøkingar i 2003, 2011 og 2019; men det vart fanga høvesvis mest på flytegarn i 2019. GLB konkluderer med at eventuelle positive effektar på fiskebestanden på grunn av fyllingskravet 1. juli er så marginale at dei ikkje er målbare, og at ei forskyving av fyllingskravet frå 1. til 10. juli derfor ikkje vil ha nemnande negativ effekt på fiskebestanden.

Det vart også gjennomført tilsvarande undersøking/prøvefiske i 2025, men om denne skriv GLB at fangsten var liten fordi prøvefisket vart gjennomført så seint på året at mykje fisk alt hadde gått opp i gytebekkane, og at resultatet dette året ikkje er mogeleg å samanlikne med tidlegare undersøkingar.

Statsforvaltaren i Innlandet har i brev 08.05.2026 gjeve følgjande uttale til søknaden:

*Den største begrensningen for fiskeproduksjonen i Tesse etter reguleringene synes å være næringsproduksjonen. Dette gjelder særlig for ungfisk, som i hovedsak oppholder seg nær bunnen i strandsonen. Innsjøen har betydelig reguleringshøyde, samtidig som siktedypet er redusert som følge av tilførsel av breslamholdig vann fra Smådøla. Dette har vesentlige konsekvenser for næringsdyrproduksjonen i strandsona. Det må forventes at en senere oppfylling av innsjøen vil*

*kunne føre til ytterligere negative konsekvenser for næringsdyrproduksjonen, og dermed også for fiskeproduksjonen.*

*Tesse er et mye brukt fiskevann i Lom kommune, og det knytter seg sterke lokale interesser til bruken av innsjøen. Oppfyllingen har også betydning for landskapsopplevelsen i området, som benyttes både av lokale innbyggere og tilreisende. Statsforvalteren legger til grunn at forskjellen i skadevirkninger mellom oppfylling innen 1. juli og 10. juli er begrenset. Samtidig kan vi ikke se at det foreligger vesentlig endrede forhold sammenlignet med situasjonen da vilkårene sist ble revidert.*

Innlandet fylkeskommune har i brev 10.05.2026 gjeve følgjande uttale:

*Reguleringen av Tesse påvirker produksjonen av næringsdyr negativt, og dermed næringstilgangen for fisk i innsjøen. NINA påpeker i sin rapport fra 2017 at en senere oppfylling kan forringe produksjonen av vanninsekter ytterligere, hvis konsekvensen er redusert siktedyp. En ytterligere reduksjon i produksjon av vanninsekter vil kunne gi en enda dårligere næringstilgang for fisk, samt en større konkurranse om den tilgjengelige næringen. Slik vi ser det kan dette resultere i en ytterligere reduksjon i bestandskvalitet.*

*Videre er Tesse en sterkt modifisert vannforekomst (SMVF) registrert med dårlig økologisk potensial i Vann-nett, der kvalitetsparameter fisk er utslagsgivende. Vannforekomsten har et fastsatt miljømål om minst godt økologisk potensial, noe den per dags dato ikke oppnår. Vannforskriften fastsetter at det er ulovlig å iverksette tiltak eller aktiviteter som vil forringe miljøtilstanden i vassdraget, eller forhindre vannforekomsten fra å oppnå det fastsatte miljømålet. Fylkeskommunen er bekymret for at en ytterligere reduksjon i næringstilgangen for fisk, og dermed dårligere bestandskvalitet, kan gjøre det enda vanskeligere for vannforekomsten å oppnå fastsatt miljømål. Vi ber NVE ta dette aspektet med i vurderingen av søknaden.*

Både Statsforvaltaren og fylkeskommunen viser elles til sine uttaler ved høyringa i 2016-17.

Ved høyringa i 2016-17 uttalte både Lom fjellstyre og Tesse fiskarlag seg klart negativt til søknaden om å endre konsesjonsvilkåret om oppfylling til kote 850,92 innan 1. juli.

Lom fjellstyre har i sak 26/4/9 behandla høyringa som no ligg føre, og har gjort følgjande vedtak:

*Fjellstyret viser til høyringsuttala gjeve i i 2017, og kan ikkje sjå at det utvida kunnskapsgrunnlaget endrar vurderingane som var gjort da.*

Tesse fiskarlag har drøfta høyringa i årsmøtesak 08.05.2026 og gjort vedtak om å ikkje støtte forslaget om endring av fristen for oppfylling av magasinet.

## **Vurdering**

Utgangspunktet til Lom kommune er rolla som vertskommune for Tessemagasinet. Gjennom prosessen med revisjon/fornyng av den opprinnelege konsesjonen som gjekk ut i 1991 - fram til vedtak om ny konsesjon i 2011 - er vertskommunen i noko grad imøtekommen med avbøtande tiltak, som eingongsutbetalt næringsfond og årleg kompensasjon for ulemper reguleringa medfører. Prosessen viser at det er utvilsamt at natur og miljøkvalitetar i området er forringa som følgje av reguleringa av Tesse - det vil også vere konsekvensen av å imøtekomme den søknaden som no ligg føre.

Kommunen må samtidig ta inn over seg målsettinga i fornybardirektivet om auka andel av fornybar energi, men kravet om andel fornybar energi må balanserast mot miljølovgjevinga elles, bl.a. EUs vanndirektiv. Det går direkte fram av vannforskriften § 12 at denne føresegna skal vurderast når det skal gjerast vedtak om nye inngrep i eit vassdrag/vassførekomst som kan medføre at miljømåla i vanndirektivet ikkje blir oppnådd, eller som medfører ein forverra situasjon – jamfør Innlandet fylkeskommune sin høyringsuttale.

Frå Lom si side vart det i revisjonsprosessen peikt på landskapsestetiske ulemper knytt til den breie reguleringssona, og at området verdi som reiselivsdestinasjon og natur- og friluftsområde for allmenta er redusert som følgje av reguleringane. Oppfyllingsnivå pr. 1. juli var ikkje eit direkte krav frå Lom kommune i samband med revisjon av konsesjonsvilkåra. I saksdokumenta går det heller ikkje fram andre lokale innspel om minimum oppfyllingsnivå om sommaren. Frå fleire hald var det derimot peikt på at høg vasstand om ettersommaren og hausten vil vere til stor skade for dei lågtliggande dyrkingsareala som ligg ut mot Tesse. Eit krav om maksimalt oppfyllingsnivå på hausten var derfor eit viktig tema i samband med ny konsesjon for Tesse, dette førte til eit konsesjonsvilkår om at maks oppfylling skulle vere 0,5 m under HRV pr. 1. september. GLB søker ikkje om å få endre dette kravet.

Miljøverndepartementet påla i 2008 NVE å utgreie spørsmålet om sommarvasstand. NVE kom da med forslaget om oppfylling til min. 3,5 m under HRV pr. 1. juli, tilsvarande eit berekna produksjonstap på 11 GWh/år. Miljøverndepartementet skriv i sin merknad til konsesjonssaka at: «En vannstand på 3,5 m under HRV vil fortsatt gi tørrlagte arealer rundt vannet, men vil gi en forbedring fra dagens situasjon.» Vidare: «Departementet finner ulempene ved produksjonstapet som mindre enn de fordeler som oppnås miljømessig, og slutter seg til NVEs forslag.»

I følgje talmaterialet som ligg til grunn for søknaden er gjennomsnittleg årleg produksjonstap i perioden 2012-2025 10,5 GWh, altså like under det som vart lagt til grunn ved revisjon av konsesjonsvilkåra.

Ein årleg produksjonsgevinst på 5,6 GWh, som i følgje GLB sine simuleringar er det som kan oppnåast ved å endre datoen for magasinoppfylling frå 1. til 10. juli, tilsvarar 1,5–2 % av den samla årsproduksjonen ved Tessa-kraftverka (310 GWh). På den andre sida tilsvarar denne produksjonsauken årsforbruket til omkring 280 einbustader (ved årsforbruk på 20.000 kWh/bustad)

Den fiskefaglege rapporten utarbeidd av NINA i 2017 konkluderer med at seinare oppfylling av Tesse sannsynlegvis er negativt for fiskebestanden. Vidare peiker rapporten på at ein periode på 5 år er for lite til å dokumentere om kor vidt fyllingskravet pr. 1. juli har hatt positiv effekt for fiskebestanden.

GLB har no supplert søknaden med talmateriale frå fiskeundersøkingar (prøvefiske) i 2019 og 2025 – men legg berre resultat frå 2019-prøvefisket til grunn for sine vurderingar, slik det går fram ovanfor.

Konsesjonsvilkåret om oppfyllingsnivå pr. 1. juli var resultatet av ein omfattande prosess i forkant av den nye reguleringskonsesjonen i 2011. Ved behandlinga av tilsvarande søknad i 2017 var administrasjonssjefen (no: kommunedirektøren) si innstilling at kommunen skulle tilrå å avslå søknaden. Det er ikkje noko grunnlag for å endre denne innstillinga i den dokumentasjonen som følgjer den nye høyringa når det gjeld konsekvensar for fisk og landskapsverknad. Det som derimot kan vere argument for at søknaden likevel skal imøtekomast er eit auka behov for elektrisk kraft og ein meir pressa kraftmarknad. Spørsmålet som kommunen må ta stilling til blir derfor om det auka behovet for tilgang på elektrisk kraft medfører at fordelane ved ein seinare dato for oppfylling av magasinet til fastsett kotehøgde er større enn miljøulempene som dette medfører.

Kommunedirektøren si samla vurdering er at den relativt marginale produksjonsgevinsten som ei endring av oppfyllingsdatoen medfører, ikkje vil vege opp dei negative konsekvensane som følgjer av tap av natur- og landskapsverdiar i og omkring Tesse.